

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Hovudutval for næring og kultur

Arkivnr. 144/HBJ/2018-

Førde, 24.01.18

### **Driftstilskot til Førde Internasjonale Folkemusikkfestival (Førdefestivalen) 2018-2020**

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune stadfesta i intensjonsbrev av 31.05.2017 at ein ville gje 5-årig driftsstøtte 2018-2022 til Førdefestivalen på nivå med tilskotet i 2017.

Driftstilskotet frå fylkeskommunen var for 2017 på kr 3 340 800. I tillegg kjem løyving på kr 35 000 til Førdekonferansen og om lag kr 35 000 til samfinansiering av gjestemottaking. Desse summene var innbakte i totalt driftstilskot for 2017 frå fylkeskommunen si side, men må av formelle grunnar rekneskapsførast på andre postar i vår rekneskap. Vi viser til tildelingsbrev av 15.03.2017.

Staten ved Kulturrådet reduserte for 2018 sitt driftstilskot til alle tidlegare knutepunktfestivalar inkludert Førdefestivalen. For Førdefestivalen var nedtaket på 5,7%, som utgjer kr 381 600. Med manglande kompensasjon for løns- og prisstigning i betraktning, er det reelle nedtaket endå større.

Å bli tatt ned med fleire hundre tusen kroner utgjer ein stor forskjell for festivalen, og fører til at vi må redusere våre aktivitetar og omfang av tilbud til publikum.

Vi meiner det er grunnleggande feil å redusere tilskot til nokre av dei beste festivalane vi har her i landet, for å bygge opp andre. Vi vil understreke at vi støttar at andre festivalar kan fortene større tilskot, men dette bør skje ved auka totale tilskotsrammer, ikkje ved å bygge ned festivalar som gjennom mange år har synt kvalitet som har gitt dei ein spydspissposisjon.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune har forplikta seg til å gje driftstilskot på minst 40% av staten sitt tilskot i åra framover. Det er vi svært glade for. Dei regionale tilskota er sjølvstøtta ikkje avgrensa til å vere på 40%, og fleire andre festivalar har meir enn denne prosentdelen frå «sine» fylkeskommunar og kommunar. Vi vil sterkt oppmode Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommunen om å halde oppe sine driftstilskot på 2017-nivået med løns- og priskompensasjon dei komande åra. Om fylkeskommunen og kommunen skulle følge etter og redusere sine tilskot tilsvarande Kulturrådet, vil det totale nedtaket bli på kr 634 752 pr år i høve nivået for 2017, noko som er eit alvorleg anslag mot verksemda festivalen står for.

Førdefestivalen fekk 3-årig driftstilskot frå Kulturrådet for 2018-2020 på nivået nemnt over. Vi oppmodar om at tilskota frå fylkeskommune og kommune vert haldne på 2017-nivå med løns- og priskompensasjon i same periode. På den måten kan festivalen framstå som eit viktig kulturelt fyrtårn både regionalt, nasjonalt og internasjonalt også dei komande åra. Tilsvarande oppmoding vil bli sendt Førde kommune.

Med venleg helsing

Tone Winje (s)  
styreleiar



Hilde Bjørkum  
direktør

